

Dørseljar med grei framferd**25.09.2015**

Politi har denne veka vore engasjert med å ta imot meldingar om dørseljarar. Fleire i Uskedalen har hatt besøk av ein mann med blå kassebil som ville selja trefigurar og fleire av desse strekar under at seljaren var prega av grei framferd og ikkje på noko vis var trugande.

Dei strekar under at det ikkje er forbode med slikt sal. Ein som vart kontakta på Neset seier til uskedalen.no at seljaren presenterte seg skriftleg med naudsynte opplysningar og ikkje var trugande eller pågåande på noko vis.

I Kvinnheringen vert det mellom anna opplyst at politiet har bortvist seljarar i 24 timer frå kommunen og notert opplysningar om dei. Nokre av dei som har hatt slikt besøk gjev uttrykk for at politiet her har gått for langt.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen